

VEDTEKTER FOR ÅMLIAVISA AS

ETTER ENDRING PÅ EKSTRAORDINÆR GENERALFORSAMLING 21. OKTOBER 2009:

§ 1.

Selskapet sitt føretaksnamn skal vere ÅmliAvisa AS

§ 2.

Selskapet skal ha sitt forretningskontor i Åmli kommune

§ 3.

Selskapet sitt føremål er å gje ut ei uavhengig lokalavis med hovudvekt på det geografiske området Åmli kommune. Lokalavisen skal vere eit frittstående og partipolitisk nøytralt organ. Avisa skal ha eit positivt fokus, men den skal òg våge å ta opp kontroversielle saker

§4.

Avisa skal vere språknøytral. Kommunen bruker i stor grad nynorsk, dette gjeld òg mange av organisasjonane og laga, samt fleirtalet av innbyggjarane i kommunen. Det er difor viktig at redaksjonen kan handsame nynorsk, og at den ser eit særleg ansvar for og syner respekt for nynorsk.

§ 5

ÅmliAvisa skal rette seg etter Redaktørplakaten og Ver varsamplakaten.

§ 6.

Aksjekapitalen skal vere på kr. 1.005.000,-.

Ingen aksjonær kan stemme for meir enn 10 % av aksjar i selskapet uansett eigardel av aksjane.

§ 7.

Aksjen sitt pålydande skal vere kr 1 000 – kronereittusen-.

§ 8.

Selskapet sitt styre skal ha 5 medlemmer og 2 varamedlemmer i prioritert rekkefølge.

Styremedlemmer har tenestetid på 2 år, likevel slik at på første generalforsamling trekkast 2 av styremedlemmene til tenestetid på eitt år i første tenesteperiode. Styreleiar er ikkje med i denne trekkinga. Varamedlemmer har tenestetid på 1 år.

§ 9.

Styret godkjenner aksjeoverdragingar i samsvar med aksjelova sine reglar.

§ 10.

Kunngjeringar til aksjonærane blir ikkje annonsert gjennom presse eller media. Den ordinære generalforsamlinga vert halde kvart år innan utgangen av juni månad.

Ekstraordinær generalforsamling vert halde etter aksjelova sine reglar.

Ingen aksjonær kan på generalforsamling stemme for meir enn 10 % av antal aksjar i selskapet uansett eigardel av aksjane.

§ 11.

Årsmeldinga og årsrekneskapen i revidert stand skal vere stila til kvar einskild aksjonær samstundes med innkalling til ordinær generalforsamling.

§ 12.

På den ordinære generalforsamlinga skal følgjande spørsmål handsamast og avgjerast:

1. Godkjenning av årsmeldinga og årsrekneskapan, i dette òg utdeling av utbytte.
2. Val av styreleiar
3. Val av styremedlemmer
4. Val av 2 varamedlemmer til styret
5. Val av revisor.
6. Vedtektsendringar.
7. Andre saker som ligg til generalforsamlinga å handsame.

§ 13.

Eitkvart forslag som ein aksjonær ønskjer handsama i den ordinære generalforsamlinga, skal vere skriftleg og innsendt styret innan den 15. mai.

Alle dokument som er ønskt lagt fram for generalforsamlinga, skal i varslingsstida vere lagt ut på selskapet sitt kontor.

§ 14.

Selskapet skal ikkje registrerast i Verdipapirsentralen.

OPPRINNELEG VEDTEKE UNDER SELSKAPSSKIPINGA 15. MAI 2007
ENDRA PÅ ORDINÆR GENERALFORSAMLING 24. JUNI 2009 (Ny § 5, tidlegare § 5 blir § 6 o.s.v)
ENDRA PÅ EKSTRAORDINÆR GENERALFORSAMLING 21. OKTOBER 2009 (§6 – auke av aksjekapital)